

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Hedmark

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Løten

Emne: Skav

Bygdelag: Løvbygda

Oppskr. av: Aksel Andersson

Gard:

(adresse): Adalstun

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Hjelpesfor eller raskefor er sannsynnigvis ymse slag for utannen høyet.
2. Sannsynnigvis på skav, beik og brom kunde tenkjast vera velfor; men det er sjeldan ein høyer det.
3. Gjerningsordet skava kan byggast anten skava, skov - skov - skovi, eller skava - skava - skava - skava.
4. Det er ikkje spurt at skav har vore nyttige til krøterfor, og sjølv mennesket er i reynda ikkje i bruk no. Men frå Vallset, skovbygda i Romedal, vert det sagt at dei skov asneboke til hestane for i tida (fortalt av Peter Hekne, foderådsmann, 74 år).
5. Som nemnt ovanfor er det berre asp (i bygdemålet aspe) som det har vore skave bok av i manns minne.
6. Ordet skav um eit særskilt beslag er ukjent.
7. Rim i denne sammenheng er det ingen som kjensler til.
8. Som for fortalt, var det mest sannsynnigvis hesten og ikkje dei andre dyra som fekk skavem bok.

B.

Lau og geit grov sjölve.

9. Anna vert ikkje fortalt um skavet um at den ospeborken som hestane fekk, gjorde dei fine og blanke i skinnet. Men sauene måtte ikkje gnaga for mykje ospe, for då reypte dei ulla.

10. På Hekne tok dei av omnsveden og skov den ospeborken dei vilde ha i hestane.

Hegjved (rajer) er det mest ingen som brukar lenger.

11. Namn på det å henta skav-ved er ukjent.

12. Skavved høyrer ein då heller ikkje um.

13. Gjerringsordt, marka er ikkje brukt.

14. Spursmålet fell burt.

15. På Hekne skov dei ospetrea (vedtra) inne på kjøkenet (P. Hekne).

16. På Hekne nytta dei vanleg bollekniv.

17-18. Kvarer opplysningar vantar.

19 - - - - -

20 Skavved høver; men ein høyrer det aldri.

21. Skav høver; men det er likeins med det ordet.

22. Den ospeveden som dei skov på Hekne, var på vanleg omnsvedlengd. (sjå overfor).

23-24. Opplysningar vantar.

25. Til bakstved nyttar ein gran no.

26. Som før nemnt, er det ingen som nyttar skav til for lenger, og det må ha vore slutt med denne foringsmåten for 50-60 år sidan.

73.